

## SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for dei åtte kommunane i indre Sogn: Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi arbeider for å styrka grunnlaget for busetnad og næringsliv i Sogn, mellom anna gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane. Messa i Vik er eit lite jubileum; den femte gongen regionrådet arrangerer entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn.

**Samarbeidspartar:**

Sognekraft

LINNBAD – frå Vik i Sogn

Kriminalomsorgen Vik fengsel

Vik Sparebank

SOGNEPRODUKT – ei bru til arbeidslivet

Foto: Thomas Morel

gasta.no



# Kreativitet, mangfald og skaparglede

Velkomen til entreprenørskapsmesse i Vik 7. mai 2013

Ungt Entreprenørskap – SAMARBEID SKOLE OG NÆRINGSLIV

SOGN REGIONRÅD

Vik kommune

Konferansier Vilde Riiser Bøtun
og førelesar Thomas Morel



Foto: Gunnar Kleiven, Sogn Avis

# Grip moglegheitene!

Oppskrifta på suksess er alltid å vilja noko, anten det gjeld idrett, kultur, skule eller i arbeidslivet. Då er det lurt å vita kva ein vil, kva draumar du har for framtida. Kva yrke skal du velja for å få draumane realisert i Sogn? Entreprenørskap i skulen handlar om kreativitet og nytenking. Det handlar om å bruka dei ulike faga i skulen på spanande måtar, når ein til dømes lagar ei elevbedrift i 9. klasse – eller ei ungdomsbedrift på vidaregåande skule. Entreprenørskap handlar om samarbeid og samspel med lærarar, elevar, organisasjonar, lokalsamfunn og bedrifter.

På entreprenørskapsmessa i Vik vil du få sjå elevbedrifter frå 9. klassar i Sogn. Du vil få ei guida omvising til ei av dei mange spanande bedriftene i Vik. Kva produserer dei? Kva skal til for å kunne jobba der i framtida? På messa vil du også få eit engasjerande føredrag med fotografen og gründeren Thomas Morel frå Feios. Moglegheitene ligg i Sogn …



# Program

| | | |
|---|---|---|
| 09.00 | - 11.00 | Rigging av elevbedriftene |
| 11.00 | - 11.30 | Opningsarrangement |
| 11.45 | - 14.15 | Besøk på stand, føredrag og besøk til lokale bedrifter |
| 14.20 | - 14.50 | Avslutningsarrangement |

## PREMIERING I TRE KATEGORIAR

• Nyskaping og kreativitet • Formidling og kommunikasjon • Miljø og berekraft

Premie: VIP-losje Fosshaugane Campus 25. august; Sogndal - Viking